

Møteinnkalling

Utvalg: Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: , E-post
Dato: 24.09.2013
Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 91161458. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
	(Ingen tittel)		
PS			2013/2642

Arkivsaksnr: 2013/2642-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 24.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		24.09.2013

Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde - dispensasjon - sitjebenkar i Muldalen - oppsetting og transport

Forvaltar si innstilling


Med heimel i naturmangfaldlova § 48 blir det gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde for oppsetting av tre benkar på 5 m, 3,5 m og 2 m, ca 20 m aust for stigen ved brua til Muldalsgardane.

Vidare blir det gjeve dispensasjon for transport med ATV. Her må det i tillegg søkjast dispensasjon frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal når det gjeld naturreservatet i Muldalslia.

Nasjonalparkforvaltaren står ansvarleg for gjennomføring av tiltaket.

Saksopplysningar

I samband med gjennomføring av tiltak i bestillingsdialogen for 2013 er det utgreidd behov for oppsetting av sitjebenkar ved stigen i Muldalen i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. Plassering blir ca. 20 m aust for stigen ved brua til Muldalsgardane. Staden var synfart med nasjonalparkstyret i møte 14.08.13, sjå kartskisse.



Det er aktuelt å sette ut tre benkar på 5 m, 3,5 m, og 2 m; 30 cm breie, gjort som halvkløyvingar.

Det kan vera aktuelt med nedboring av festejern for å gjera benkane faste å sitja på.

I tillegg treng ein dispensasjon for motorferdsel – bruk av ATV til transport av sitjebenkane.

Vurdering

Nasjonalparkforvaltinga må behandle eige tiltak om tilrettelegging/transport etter naturmangfaldlova § 48.

Muldalslia og Muldalen er ein viktig og naturskjønn innfallspor til Reinheimen. Vegen opp Muldalslia er også mykje nytta av innbyggjarane i området til friluftsliv og trim. Plassen er allereie nytta til rasting, men manglar tilfredsstillande tilrettelegging. Det er såleis behov for ein tilrettelagd rasteplass av enkel standard på den aktuelle plassen.

Grunneigarane er varsla om tiltaket.

Tiltaket har ikkje dimensjonar/metodikk som gjev nemneverdig påverknad på landskapet. Skulle tiltaket medføre ulemper på eit seinare tidspunkt kan dei evnetuelt fjernast.

Det har liten relevans å vurdere tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Konklusjon

Det kan gjevast dispensasjon for oppsetting av sitjebenkar, og transport av desse med ATV.